
Fra: Per Nordmark <per.nordmark@hfk.no>
Sendt: 6. juli 2018 10:56
Kopi: Per Nordmark; Cathrine Grasdal
Emne: Samlokalisering av helsetenester i regionsenter

Til medlemmer i Forum for regionsenterkommunar (kontaktpersonar),
deltakarar i forumsmøte 13.03.2018, og regionsenterringen og planseksjonen i HFK

(sendt som blindkopi til 69 mottakarar)

Helsetenester i regionsenter

Regional plan for attraktive senter i Hordaland (Senterplanen) set mål for lokalisering av m.a. tenester.

«Forum for regionsenterkommunar» er oppretta for å vera ei støtte til regionsenterkommunane i arbeidet med utviklinga av regionsentera.

To gonger har lokalisering av helsetenester vore tema i møte i [Forum for regionsenterkommunar](#):

- 11.05.2017 der Fjell kommune orienterte om sitt arbeid med lokalisering av helsetenester
- 13.03.2018 der heile møtet hadde fokus på tilbod, samarbeid og lokalisering av helsetenester. Her var brei deltaking frå regionsenterkommunane og helseinstitusjonar.

Hordaland fylkeskommune utarbeidde ein rapport om «Helsetenester i senterstrukturen» ([AUD-rapport 04-2018](#)) til forumsmøtet 13.03.2018.

[Foredraga frå forumsmøtet](#) er lagt ut på fylkeskommunen si nettside og er tilgjengeleg.

Rapport om samlokalisering av helsetenester

På bakgrunn av den informasjonen som kom fram i møta gjennom foredrag og dialog, og i rapporten, har Hordaland fylkeskommune utarbeidd ein rapport med tittel: «[Samlokalisering av helsetenester i regionsentera i Hordaland](#)». Vi håper denne rapporten vil vera til inspirasjon og nytte for aktørane i vidare arbeid med lokalisering av helsetenester.

Det er ønskjeleg at informasjonen om rapporten vert formidla vidare til aktuelle!

Senterplanen

[Senterplanen](#) har i handlingsprogrammet eit tiltak 3.2: Samlokalisering av helsetenester. Hordaland fylkeskommune vurderer no tiltaket som gjennomført på bakgrunn av følgjande aktivitetar:

- ✓ Helsetenester har vore tema i to møte i Forum for regionsenterkommunar.
- ✓ Det er utarbeidd AUD-rapport om helsetenester i Hordaland.
- ✓ Det er utarbeidd ein rapport som formidlar vesentleg informasjon frå møta og AUD-rapporten.
- ✓ Forumsmøta har lagt til rette for kontakt og vidare utvikling av samarbeid mellom aktørane.

Dokumenta er tilgjengeleg gjennom linkar i eposten, og ligg på fylkeskommunen si nettside

Venleg helsing

Per Nordmark
seniorrådgjevar
Regionalavdelinga | planseksjonen



Tlf: +47 47 41 85 14
www.hordaland.no

